



KLEPP KOMMUNE



Finansreglement

Vedtatt av kommunestyre 15. juni 2015 i sak 44/15

INNHOLD

1	GENERELLE RAMMER OG BEGRENSNINGAR FOR FINANSFORVALTNINGA	3
1.1	Heimel	3
1.2	Målsettingar	3
1.3	Rammer for reglementet	3
1.4	Kvalitetssikring av reglementet og administrative rutiner	3
2	SPEISIFIKKE REGULERINGER	3
2.1	Valutarisiko	3
2.2	Derivat	3
2.3	Etiske retningslinjer	4
3	LEDIG LIKVIDITET OG ANDRE MIDLER BEREGNET FOR DRIFTSFORMÅL	4
3.1	Definisjon	4
3.2	Formål	4
3.3	Plasseringsalternativ	4
3.4	Avgrensingar	4
4	LANGSIKTIGE FINANSIELLE AKTIVA	4
4.1	Definisjon av langsiktige finansielle aktiva	4
4.2	Formål	5
4.3	Portefølje samansetning	5
4.4	Bankobligasjonar	5
4.5	Durasjon	5
4.6	Kreditrisiko	5
4.7	Forvaltning av fonda	5
4.8	Kursreguleringsfond	5
5	GJELDSPORTEFØLJEN OG ØVRIGE FINANSIERINGSAVtaler	6
5.1	Rentebinding	6
5.2	Samansetting av låneporteføljen	6
5.3	Rutinar for opptak av lånegjeld	6
6	FULLMAKTER	7
6.1	Låneopptak og derivat	7
6.2	Plassering av ledig likviditet	7
6.3	Plassering av langsiktig finansiell aktiva	7
6.4	Utlån av Husbankmiddel	7
6.5	Delegering	7
7	AVVIK	8
8	SÆRSKILDE OMRÅDE	8
a.	Lyse Energi og Klepp Energi: Kommunestyret forvaltar sjølv eigarskapet i dei to	8
9	RAPPORTERING	8
9.1	Likviditet og andre midlar berekna for driftsformål	8
9.2	Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva	8
9.3	Gjeldsforvaltning	8
9.4	Stresstest	8

1 GENERELLE RAMMER OG BEGRENSNINGAR FOR FINANSFORVALTNINGA

1.1 Heimel

Forvaltninga skal være i samsvar med dette reglement, gjeldande lover, og forskrift om kommunars og fylkeskommunars finansforvaltning.

Dette reglementet er vedtatt av kommunestyret den 15.06.2015 og erstattar tidlegare vedteke reglement. Reglementet skal vedtas minst ein gong i kvar kommunestyreperiode.

1.2 Målsettingar

Målsettinga med forvaltninga er:

- a. Bidra til best mogleg tenestetilbod til innbyggjarane i Klepp på kort og lang sikt
- b. Finansiere vedteke investeringar til best moglege risikovurderte vilkår
- c. Forvalte ledig likvide middel slik at dei gjer best mogleg avkastning
- d. Hindre vesentlege endringar i kommunens tenestetilbod som følgje av endringar i finansmarknadane
- e. Avkastningsmål:
 - a. Kortsiktig likviditet til driftsformål plassert utanfor bankavtale, minimum 0,2 % over rente i bankavtale
 - b. Langsiktig finansielle aktiva, minimum 0,6 % over rente i bankavtale
- f. Lånevilkår:
 - a. Lågast mogleg flytande rente målt mot 3 månaders nibor inkl. kredittmargin.
 - b. Lågast mogleg fast rente målt mot marknadsrenter inkl. kredittmargin med tilsvarande bindingstid.

1.3 Rammer for reglementet

Reglementet inneheld regler som hindrar kommunen frå å ta vesentleg finansiell risiko i sin finansforvaltning som:

- a. Balanse mellom avkastning, risiko og likviditet.
- b. Samsvar mellom kompleksiteten i produkta og kommunens eigen kompetanse om finansforvaltning.

1.4 Kvalitetssikring av reglementet og administrative rutiner

Finansreglementet og dei administrative rutine er vurdert av FinansInnkjøp AS. Dei er uavhengig instans for å sikre at de er forsvarlig og i samsvar med gjeldande regelverk slik finansforskrifta krev. Deira vurdering er vedlagt saka.

2 SPESIFIKKE REGULERINGER

2.1 Valutarisiko

Klepp kommune skal ikkje ha vesentleg valutarisiko.

- a. Det kan være valutarisiko i internasjonale verdipapirfond i langsiktige finansielle aktiva.
- b. Det skal ikkje tas opp gjeld i anna valuta enn NOK
- c. Innkjøp over 5 millionar i framand valuta bør valutasikrast.

2.2 Derivat

Derivat kan berre nyttast til å redusere risiko. Det skal lagast sikringsdokumentasjon i samband med kjøp av derivat. Dersom rekneskapsreglane for sikring (KRS 11.) ikkje er oppfylt, skal det lagast notat etter same oppsett som krava til sikringsdokumentasjon med beskriving av avvika som ligg til grunn for at ikkje rekneskapsmessig sikring er oppfylt, risiko og grunngjevinga for kjøp av derivatet.

Følgjande derivat er tillete brukt:

- a. Rentederivat: fast-flytande, flytande-fast, fast-fast, flytande-flytande, kjøpte swapsjonar (rente-tak). Derivata kan ha framtidig oppstart (FRA).
- b. Valutaderivat: Terminar og terminar med framtidig oppstart.

2.3 Ethiske retningslinjer

Plassering av Klepp kommune sine midlar i verdipapir skal skje i h.t. etiske kriterier. Plasseringsstrategien skal ivareta kravet til menneskerettar, arbeidstakarrettar og miljø – i samsvar med Global Compact FN's PRI (Principles for responsible investments). Dette tilsvarer dei etiske investeringsreglar som vert nytta av KLP.

3 LEDIG LIKVIDITET OG ANDRE MIDLER BEREGNET FOR DRIFTSFORMÅL

3.1 Definisjon

Kommunens likvide middel er inneståande middel på kommunens bankkonti og plasseringar av i samsvar med pkt 3.

3.2 Formål

Formålet med forvaltninga er å sikre en god avkastning med lav risiko og god likviditet.

3.3 Plasseringsalternativ

Midla vert i hovudsak plassert som innskot i bankavtale. Alternative plasseringar kan brukast dersom formålet er:

- a. Risikospreiing:
 - a. Bankinnskot i andre bankar.
 - b. Pengemarknadsfond og obligasjonsfond.
- b. Høgare avkastning enn målsettinga:
 - a. Bankinnskot i andre bankar, inkl. tidsinnskot.
 - b. Pengemarknadsfond og obligasjonsfond.

3.4 Avgrensingar

Plassering skal være slik at kommunen alltid har likvide middel til å dekke forventede forpliktingar.

- a. Bank:
 - a. Tidsinnskot og rentevilkåra kan bindast i inntil 12 månader.
 - b. Maksimal plassering i tidsinnskot skl ikkje være større enn 2 % av bankens forvaltningskapital.
 - c. Bankinnskot gjerast i norske bankar med minimumsrating BBB
- b. Rentefond:
 - a. Pengemarknadsfond og obligasjonsfond 0-2 klassifisert av verdipapirfondenes forening.
 - b. Durasjon på inntil 12 månader.
 - c. Maksimale plasseringar i enkeltfond er 10 millionar.
 - d. Fonda skal være forvalta av forvaltar som tilfredstiller krava under pkt. 4.
 - e. Fonda skal ikkje ha valutarisiko.

4 LANGSIKTIGE FINANSIELLE AKTIVA

4.1 Definisjon av langsiktige finansielle aktiva

- a. Langsiktige finansielle aktiva er den delen av kommunens likviditet som etter vedtatt budsjett og likviditetsprognosar ikkje skal nyttast dei neste 4 åra.
- b. Porteføljen er første år 50 millionar + opparbeida avkastning.

- c. Størrelsen på porteføljen for kommende år vurderast av rådmannen når kommunestyret har vedtatt budsjett og økonomiplanen. Endring og tilpassing rapporterast i finansrapport.

4.2 Formål

Midla investerast i verdipapirmarknaden med formål om ei høgast mogleg risikojustert avkastning over tid. Forventa avkastninga må minimum være 0,6 % over vilkåra i bankavtalen for å bli flytta over i porteføljen for langsiktige finansielle aktiva.

4.3 Portefølje samansetning

Midlane skal plasserast i fond eller enkeltpapir i rente- og aksjemarknaden som følgjer:

Investering	Maksimalt	Normalt	Maksimal størrelse enkelt plassering	Avkastnings referanse
Internasjonalt aksjemarknad	25 %	20 %	10 millionar	MSCI
Norsk aksjefond	25 %	20 %	10 millionar	OSEBX
Bankobligasjonar	50 %	20 %	1 million	
Obligasjonsfond	25 %	20 %	10 millionar	
Norske obligasjonsfond	25 %	20 %	10 millionar	
Bankinnskot	100 %	0 %		Vilkår i bank

4.4 Bankobligasjonar

Rating skal være gjort av minst eit av det 3 største ratingbyråa (Standard & Poor, Fitch Ratings og Moody's), eller av DNB, Nordea og Danske bank for dei utan internasjonal rating.

4.5 Durasjon

Obligasjonsfonda og bankobligasjonane kan ha ein durasjon på inntil 48 månader.

4.6 Kredittrisiko

Obligasjonsfonda skal ha investeringsmandat innafor følgjande ramme:

Obligasjons og rentefond			
Rating	Maksimal	Normal	Minimum
AAA - A	100 %	0 %	0 %
BBB - BBB-	100 %	70 %	0 %
BB + B-	70 %	30 %	0 %

4.7 Forvaltning av fonda

- Plasseringar skal gjerast i fond forvalta av store anerkjende og erfarne forvaltningsmiljø i Norge. Forvaltningsmiljøa som vert brukt vert vurdert og avgrensa i tal.
- Forvaltninga skal i hovudsak skje i gjennom indeksfond med god spreining i aktuelle marknader, og med låge forvaltningskostnader.
- Verdipapirfonda skal tilfredstille følgjande:
 - Investeringane skal i hovudsak bestå av likvide børsnoterte papir.
 - Enkeltelskap i fondet bør ikkje utgjere meir enn 5%.
 - Investeringane skal ikkje være trading-orienterte.
 - Forvaltningsmiljøa skal vurderast ut frå kompetanse, resultat og med vekt på historisk gode nøkkeltal.

4.8 Kursreguleringsfond

- Bokført urealisert avkastning utover rentenivå på konsernkonto skal i regnskapet avsetjast til kursreguleringsfond. Tilsvarande skal det ved lågare avkastning, tilføres middel frå fondet.

- b. Kursreguleringsfondet størrelse reknast som oppfylt når det er tilstrekkelig til å dekke forventet tap i portefølje som følger av et skift i marknaden på 1% på renter i obligasjonsporteføljen, 20% på utlandske aksjer og 30% på norske aksjer. Dersom avkastninga startar negativt vert tapet dekket ved lån av disposisjonsfond. Lånet vert tilbakeført før kursreguleringsfondet vert fylt på.

5 GJELDSPORTEFØLJEN OG ØVRIGE FINANSIERINGSAVTALER

5.1 Rentebinding

- a. Renterisikoen blir vurdert fortløpande på netto renteutsatt balanse. I netto renteutsatt balanse reknast:
 - a. Langsiktig renteberande lånegjeld til finansinstitusjonar og finansmarknaden.
 - b. Ansvarleg utlån til energiselskapa.
 - c. Utlån knytte til husbanken sine ordningar (startlån, etableringslån m.m.).
 - d. Rentekompenserande verdi av rentekompensasjonsordningar.
 - e. Likviditet og plasseringar.
 - f. Andre forhold med dokumentert renterisiko.
- b. Porteføljen kan bruke derivat i samsvar med pkt. 2.2 for å oppnå vedteken rentebinding.
- c. Instrumenter som nemnd i pkt. 2.2 kan nyttast på samla gjeldsportefølje, på delar av porteføljen og/eller for å redusere renterisikoen mellom aktiva, passiva og andre deler som inngår definisjonen av netto renteutsatt balanse.
- d. Minimum 25 % av netto renteutsatt balanse skal ha flytende rente (gjenstående rentebinding under 12 månader), minimum 25 % skal ha fast rente mens 50 % vurderast ut frå marknadssituasjonen.

Rentebinding	Ramme
Rentebindingstid enkeltbindingar	1-10 år
Vekta rentebindingstid netto renteutsett balanse	1-5 år

5.2 Samansetting av låneporteføljen

- a. Låneporteføljen skal bestå av færrest moglege lån, vurdert opp mot refinansieringsrisiko. I tillegg kjem lån i Husbanken og andre lån til særskilde formål.
- b. Eit einskild lån skal ikkje utgjere meir enn 25 % den samla brutto gjeldsporteføljen.
- c. Følgjande lånetyper kan brukast:
 - a. Nedbetalingslån i bankar/finansieringsinstitusjonar (Kommunalbanken, KLP og liknande).
 - b. Sertifikat og obligasjonslån. Kommunen kan kjøpe attende eigne utstette lånepapir.
- d. Låneporteføljen skal bestå av lån i fleire låneinstitusjonar og marknader slik at kommunen har tilgang på finansiering fleire plassar.
- e. Finansiering kan og skje gjennom finansiell leasing.
- f. Einskild lån kan tas opp som avdragsfrie lån.
- g. Gjennomsnittleg løpetid på låna (tid til forfall) skal være meir enn 2,5 år.
- h. Låneporteføljen forvaltest slik at årlege budsjetterte avdrag vert betalt.
- i. Størrelse, løpetid og forfall vurderast i forhold til tilgjengeleg likviditet.

5.3 Rutinar for opptak av lånegjeld

- a. Låneopptak skal vurderast opp mot likviditetsbehov, vedtatt investeringsbudsjett, antatt framtidig renteutvikling og generelle marknadstilhøve.
- b. Låneopptaket skal gjennomførast med sikte på oppnå dei beste vilkåra vurdert ut frå låneporteføljen sin samansetning.
- c. Det skal innhentast konkurrerande tilbod. Prinsippet kan fråvikast ved:

- a. Låneopptak i statsbank – t.d. START-lån i Husbanken.
- b. Dersom marknadstilhøva syner at det ikkje er fleire aktuelle tilbydarar, eller aktuelt produkt ikkje tilbys av fleire.

6 FULLMAKTER

Innanfor dei retningslinjene som følgjer av dette reglementet vert **rådmannen** gitt følgjande fullmakter:

6.1 Låneopptak og derivat

- a. Gjennomføre opptak av lån etter lovleg fatta vedtak i kommunestyret.
- b. Gjennomføre refinansiering av eksisterande lån.
- c. Inngå derivatavtalar.
- d. Godkjenne låneinstitusjon og rentevilkår, og underskrive lånepapir på nye og refinansierte lån samt derivat.
- e. I rådmannen sitt fråver skriv fungerande rådmann under på lånedokumenta og derivata.
- f. Rådmannen kan delegere fullmakter til å avtale vilkår på telefon eller epost.

6.2 Plassering av ledig likviditet

Innanfor ramma i kap. 8 vert rådmannen gitt følgjande fullmakt:

- a. Velje finansinstitusjon.
- b. Forhandle og velje plasseringsvilkår.
- c. Velje samansetning av plasseringa.
- d. Rådmannen kan delegere desse fullmaktene.

6.3 Plassering av langsiktig finansiell aktiva

Innanfor ramma i kap. 9 vert rådmannen gitt følgjande fullmakt:

- a. Velje rådgjevar / forvaltar.
- b. Velje investeringsobjekt.
- c. Forhandle og velje plasseringsvilkår.
- d. Velje samansetninga av plasseringa.
- e. Rådmannen kan delegere desse fullmaktene.

6.4 Utlån av Husbankmiddel

Låne ut husbankmiddel i samsvar med vedtatt låneramme. Dette inneber m.a.:

- a. Foreta kredittvurdering av lånesøkjjarar.
- b. Behandling av lånesøknad foretas av saksbehandlar i samråd med rådmannen, eller den person rådmannen utpeike. Representant frå sosialkontor /gjeldsrådgjevar vert trukke inn ved behov.
- c. Handle i tråd med retningslinjer gitt i Husbanken og av Klepp kommunestyre.

6.5 Delegering

Det delegerast til rådmannen å utøve forvaltninga av kommunens finansielle middel.

- a. Etablere administrative rutinar som sørgjer for at finansforvaltninga utøves i tråd med finansreglementet, gjeldande lover og finansforskrifta, og at finansforvaltninga er gjenstand for tilstrekkeleg kontroll.
- b. Det skal etablerast rutinar for vurdering og handtering av finansiell risiko, og rutinar for å avdekke avvik frå finansreglementet.
- c. Sørgje for ajourførte og tilstrekkelege instruksar og fullmakter for tilsette som arbeidar med finansforvaltninga.
- d. Rådmannen, eller de rådmannen utpeka utøve finansforvaltninga på vegne av kommunestyret. Rådmannen utarbeidar fullmaktar.
- e. Det kan hentes inn ekstern bistand dersom rådmannen vurderer det som nødvendig.

7 AVVIK

Når det vert konstatert avvik mellom faktisk finansforvaltning og finansreglementet sine rammer, skal slikt avvik lukkast så raskt som mogleg ut frå ei vurdering av økonomisk risiko og tap. Avviket slik det har fremstått, og eventuelt økonomisk konsekvens av avviket, skal rapporterast ved neste ordinære finansrapportering, saman med forslag til rutineendringar som vil redusere sjansane for slikt avvik i framtida.

8 SÆRSKILDE OMRÅDE

- a. Lyse Energi og Klepp Energi: Kommunestyret forvaltar sjølv eigarskapet i dei to selskapa i samsvar med vedteken eigarstrategi.
- b. Pensjonsmiddel: Forvaltning av pensjonsmiddel er ikkje underlagt forskrift om kommunars og fylkeskommunars finansforvaltning, men inngår i den samla vurderinga av kommunens finansielle risiko så langt det er praktisk mogleg.

9 RAPPORTERING

Rådmannen skal i forbindelse med tertialrapporteringa per 30. april og per 31. august leggja fram rapport for kommunestyret som viser status for finansforvaltninga. I tillegg skal rådmannen etter årets utgang leggja fram ein rapport for kommunestyret som viser status og utviklinga gjennom året.

9.1 Likviditet og andre midlar berekna for driftsformål

- a. Samansetninga av aktiva i samsvar med oppbygginga i ppt 3.
- b. Marknadsverdi og avkasting målt i høve til målsettingane og referanser.
- c. Vesentlege marknadsendringar.
- d. Endringar i risikoeksponering.
- e. Avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet.
- f. Marknadsrenter og egne rentevilkår.
- g. Likviditetsutvikling og prognose.

9.2 Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva

- a. Samansetninga av aktiva i samsvar med oppbygginga i pkt 4.
- b. Marknadsverdi og avkasting målt i høve til målsettingane og referanser.
- c. Vesentlege marknadsendringar.
- d. Endringar i risikoeksponering.
- e. Avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet.
- f. Marknadsrenter og egne rentevilkår.

9.3 Gjeldsforvaltning

- a. Samansetning av passiva.
- b. Løpetid for passiva.
- c. Verdi, samla og fordelt på dei ulike typer passiva og motparter.
- d. Vesentlege marknadsendringar.
- e. Endringar i risikoeksponering.
- f. Avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet.
- g. Marknadsrenter og egne vilkår samanlikna med målsetting.
- h. Rentebinding samanlikna med marknad og målsetting.
- i. Opptak av nye og refinansiering av lån så langt i året.
- j. Finansieringsbehov neste tertial.

9.4 Stresstest

Foreta ein stresstest som viser kommunen sin samla risiko ved 1 % endring i rentekurva, 20 % endring i internasjonale aksjar og 30 % endring i norske aksjar.